



Dette er Den norske kyrkja sine egne misjonsorganisasjonar (SMM).

80% av alle kyrkjelydane har avtale om eit misjonsprosjekt knytt til ein eller fleire av desse organisasjonane.

Men ansvaret for å gi evangeliet vidare ligg til kyrkjelyden sjølv. Den norske kyrkja skal vere ei misjonerande kyrkje lokalt og globalt.

La kreativiteten blomstre...

FACEBOOK AKSJON
VIPPSKAMPANJE
DIGITAL BASAR
MISJONSOFFER
FAMILIETUR MED SPONSING
TEMAGUDSTJENESTE
MISJON I TROSOPPLÆRINGEN

GLA'SANG PÅ TORGET
MISJONSTIVOLI
FOKUSARRANGEMENT
FORKYNNELSE OG UNDERVISNING
MED MYE MER...

DET ER BARE FANTASIEN SOM SETTER GRENSER!

SLIK GÅR VI FRAM

- Gjer eit vedtak om å vere med
- Avgjer kven som skal leie aksjonen lokalt
- Meld kyrkjelyden på aksjonen på nettsida:
www.kirken.no/sammen
- Avgjer aksjonsformer
- Formidle i stab, sokneråd og offentleg kva aksjonen er og går ut på lokalt.
- Gjennomfør tiltaka
- Enkel digital rapport så vi ser kor langt aksjonen når nasjonalt
- Overfør midlar til den organisasjon de har valt.

Ressursar:

Facebook-sida: SAMMEN SOM KIRKE I HELE VERDEN
Nettside: www.kirken.no/sammen



DEN NORSKE KYRKJA

Ny aksjon 2022

Kyrkjelyden sitt eige misjonsprosjekt i sentrum!
Fem veker med fokus på internasjonalt engasjement i kyrkjelyden vår!

Frå Kristi himmelfart til St.Hans
26.mai – 24.juni

INVITASJON OG UTFORDRING TIL KYRKJELYDANE



Til soknerådet og staben i kyrkjelydane!

«Saman som kyrkje i heile verda» blei ein vellukka aksjon både i 2020 og 2021. No arbeider vi for at dette skal bli ein årleg aksjon der kyrkjelydar over heile landet står saman for den globale kyrkja og kyrkjelydane sine egne misjonsprosjekt.

Ei hjelp til å styrke kyrkjelydens misjonsprosjekt

Ved aksjonen vil vi:

- Styrke kyrkjelyden sin identitet som del av den verdsvide kyrkja.
- Styrke kyrkjelyden sitt eigarskap til sitt eige misjonsprosjekt.
- Informere om og samle inn til eige prosjekt.
- Styrke kyrkjelydane sine band til søsterkyrkjer gjennom samarbeidet med SMM-organisasjonane.
- Vere ein del av aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda».

Kva blir vi med på?

«Saman som kyrkje i heile verda» er ein aksjon som er sett i gang i Den norske kyrkja for å styrke kyrkjelydane sitt misjonsengasjement og auke medvitnet om det globale oppdraget.

Kyrkjelyden blir med på aksjonen ved å registrere seg på:

www.kirken.no/sammen

- Sokna som blir med forpliktar seg til å ha **minst ein digital aksjon** til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt via ein av SMM-organisasjonane.
- Elles ønskjer vi at det lokale engasjementet skal blomstre.

På aksjonen si eiga nettside og Facebook-side finn du idear og forslag til korleis de kan gjere dette lokalt. Det er viktig at det er eit sunt forhold mellom ressursane i kyrkjelyden og dei tiltaka som ein vil gjere.

Først og fremst handlar ein slik aksjon om å stadfeste kyrkjelyden sin internasjonale misjonsidentitet og legge til rette for at vi som enkeltmenneske, familiar, grupper og kyrkjelydar kan bli meir medvitne om oppdraget vårt.

Vi ber om at stabane og sokneråda drøftar dette og bestemmer seg for å vere med. Korleis ein kjem fram til eit vedtak om å vere med, vil variere frå kyrkjelyd til kyrkjelyd.

«Dette er DEG, Guds barn, døpt inn i vår menighet og Kristi verdensvide kirke.» I dåpen blir vi en del av et fantastisk, mangfoldig fellesskap. Alle har vi de siste årene kjent byrden av pandemien. Nå ber jeg dere være med på et krafttak og gi økonomisk støtte til våre søsterkirker. Sammen kan vi utgjøre en forskjell når vi i handling og ord vitner om Guds kjærlighet.

Hilsen Biskop Ingeborg Midttømme,
Biskop i Møre



Den norske kyrkja er ei:
vedkjennande, open
tenande og misjonerande kyrkje!

Meir himmel på jorda

Hilsen fra aksjonskomitéen i Agder og Telemark bispedømme!

Aksjonen «Sammen som kirke i hele verden» har sitt utspring i Agder og Telemark bispedømme, men alle bispedømmer og menigheter kan slutte seg til aksjonen. Målet med aksjonen er å styrke menighetens valgte misjonsprosjekt i samarbeid med de misjonsorganisasjonene som kirken jobber med.

Vi lever i en utfordrende situasjon. Koronapandemien preger fortsatt menighetenes arbeid. Om situasjonen er krevende her i Norge, er våre søsterkirker i en enda mer krevende stilling. Organisasjonene i SMM-samarbeidet, som forvalter våre gaver og er operative i over 40 samarbeidsland, preges også av situasjonen. Nå kan vi enda en gang få bidra til at våre søsterkirker og partnere kan utgjøre en forskjell i sine lokalsamfunn.

Har dere spørsmål eller ideer til hvordan en slik aksjon kan bli enda mere vellykket så ta kontakt!

Vennlig hilsen
Tore Gullaksen, Rune Rasmussen, Knut Hallen (SMM-leder) og Ivar Sandnes
(aksjonsleder)